

# Møteinnkalling

Dato: 17.03.23

Til:	Medlemene i Kompetanseforum Vestland		
Emne:	Kompetanseforum Vestland - Møteplan for møtet 24. mars 2023	Sak:	1/23-7/23
Møtetid:	Fredag 24. mars kl. 12:30 til 15:00 Møtestad: Teams		

## Agenda

- Sak 1/23 Velkommen (til 12:35)
- Sak 2/23 Godkjenning av referat frå møte i Kompetanseforum Vestland 9/12 2022 (til 12:40)
- Sak 3/23 Presentasjon av NOU 2023:4 «Tid for handling — Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste» (til 13:10)
- Sak 4/23 Presentasjon av kunnskapsgrunnlaget for regional kompetanse (til 13:50)
- Sak 5/23 Temaplan for breiband og digitalisering (til 14:20)
- Sak 6/23 Kriterium for fylkeskommunen si tilslutning til nye studiesenter (til 14:50)
- Sak 7/23 Eventuelt (til 15:00)

**Sak 2/23 Godkjenning av referat frå møte i Kompetanseforum Vestland 9/12-2022**

Referat i vedlegg 1.

**Sak 3/23 Presentasjon av NOU 2023:4 «Tid for handling — Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste»**

Helsepersonell kommisjonen leverte si utgreiing i februar 2023. Kommisjonen sitt mandat var å gje ei heilskapleg og kunnskapsbasert vurdering av behova for helsepersonell og kompetanse fram mot 2040. Presentasjon av Anne-Grethe Naustdal, pro-rector HVL og kommisjonsmedlem Ellen Hoxmark.

**Sak 4/23 Presentasjon av kunnskapsgrunnlaget for regional kompetanse**

Vestland fylkeskommune har oppdatert kunnskapsgrunnlaget for kompetanse: <https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/kompetanse-i-arbeidslivet/kunnskapsgrunnlag/>

Fylkeskommunane har etablert eit nasjonalt nettverk for arbeidet med regional kompetansepolitikk. Dette nettverket har saman med Kommunal og distriktsdepartementet utvikla eit indikatorsett som kan beskrive kompetansen i dei ulike fylka, og kunnskapsgrunnlag kompetanse er i år oppdatert med desse indikatorane. Nikolai Park Foss (Vestland fylkeskommune) presenterer hovudfunna i statistikken.

**Sak 5/23 Temaplan for breiband og digitalisering**

Onsdag 08.03.2023 vedtok fylkesutvalet at temaplan for breiband og digitalisering skal ut på høyring. Høyringsprosessen held fram til 14. april 2023. Føremålet med planen er å sikre at arbeidet knytt til digital infrastruktur og digitalisering i fylket blir samordna, å legge føringar for dei verkemidlane som fylket forvaltar, samt å peike på kva utfordringar og moglegheiter digitaliseringa av Vestland står ovanfor. Hans Inge Gloppen (Vestland fylkeskommune) presenterer temaplanen og orienterer om prosessen vidare.

**Sak 6/23 Kriterium for fylkeskommunen si tilslutning til nye studiesenter**

Bakgrunn

Desentralisert og fleksibel utdanning har vore eit sentralt tema i den nasjonale kompetansepolitikken etter regjeringsskiftet, og det har dei siste åra blitt lansert ei rekke politiske styringsdokument som tek opp kompetanseutfordringane i distrikta og som peikar på at desse må løysast gjennom å styrke tilgangen på desentralisert og fleksibel utdanning. Målet er at utdanning skal vere tilgjengeleg for alle uansett kor i landet dei bur og jobbar. Fylkeskommunane si forsterka kompetansepolitiske rolle er vektlagt i desse styringsdokumenta.

Regjeringsplattforma peiker på studiesenter som ein viktig aktør for å dekkje behovet for desentraliserte og fleksible utdanninga framover. I Hurdalsplattforma står det:

«Regjeringa vil lansere ei reform for desentralisert utdanning over heile landet, blant anna gjennom lokale utdanningssenter som i hovudsak er eigde av fylka eller har samarbeidsavtaler med eksisterande institusjonar. Utdanningssentera skal få eit særleg ansvar for utdanning der folk bur, basert på lokale kompetansebehov».

Studiesenter har per i dag inga formell rolle i det norske utdanningssystemet og det finnes ingen presis definisjon. Det er ofte «lokale fysiske enheter hvor det legges til rette for desentralisert utdanning og ulike kompetanseheevende aktiviteter. Dette skjer i samarbeid med utdanningsinstitusjoner og utdanningstilbydere» (Oxford Research 2023)

Våren 2022 vart det lyst ut 40 millionar til studiesenter og 144 millionar til desentralisert og fleksibel utdanning, til saman 184 millionar kroner. I mars 2023 vart det totalt utlyst 199,6 millionar. Ordninga er nasjonal og forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Føremålet med ordninga er å mobilisere og legge til rette for deltakarar til fleksibel og desentralisert utdanning som møter behova til lokalt og regionalt arbeidsliv.

### Status i Vestland

Då midlane til studiesenterordninga vart utlyst for første gang i 2022, kom det to søknader frå Vestland. Ein frå næringshagen Inviro i Nordfjord og ein frå næringshagane i Voss/Hardanger og Kvinnherad Næringssservice i samarbeid. I utlysinga var det eit krav om å legge ved ei uttale frå fylkeskommunen om behovet for studiesenteret si aktivitet. Uttalen måtte vise at senteret si verksemd var i samsvar med fylkeskommunen sine regionale planer og strategiar. I tillegg var det krav om medfinansiering frå fylkeskommunen eller andre aktørar, og at søkar hadde samarbeidsavtale med enten fagskule eller høgskule/universitet. Vestland fylkeskommune støtta begge prosjekta både med uttale om behovet for senteret og økonomisk. Både Studiehub Nordfjord (Inviro) og studisentersamarbeidet Hardanger/Voss/Kvinnherad fekk samarbeidsavtalar med Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen Vestland. Begge søknadene fekk innvilga støtte frå HK-dir.

Begge desse to er nyoppretta studiesenter som framleis er i oppstartsfasen. I tillegg til Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen Vestland har dei og vore i dialog med utdanningsinstitusjonar i andre delar av landet. (t.d Fagskolen Innlandet, Høyskolen Innlandet, fagskolen Viken og universitetet i Tromsø). Studiehub Nordfjord har i tillegg meldt seg inn i organisasjonen Norske utdanningssentre.

Begge desse studiesentera vil også søke på utlysinga for 2023 som har søknadsfrist 14. april. I tillegg til desse to har Vestland fylkeskommune fått signal om at det vil kome ein søknad til frå Vestland til utlysinga for 2023. I tillegg kan det dukke opp søknadar frå private initiativ som ikkje er fanga opp så langt.

### Vegen vidare

I regjeringsplattforma vart det signalisert at fylkeskommunane skulle ha ansvar for studiesentera, men det har foreløpig ikkje kome politisk oppfølging av dette. Vestland fylkeskommune tok hausten 2022 initiativ til at Kompetanseforum Vestland sendte eit brev til Kunnskapsdepartementet

Hovudbodskapen i brevet var at Kompetanseforum Vestland meiner at tildeling av midlar til studiesenter må gå gjennom fylkeskommunen slik at desse kan nyttast på best mogleg måte og koordinerast med utdanningsinstitusjonane sine eksisterande tilbod og lokasjonar. Nordland og Trøndelag fylkeskommunar har saman med Nord Universitet sendt eit liknande brev til Kunnskapsdepartementet.

Det skjer mykje innan desentralisert og fleksibel utdanning i fylket og det er eit stort behov for koordinering av dette feltet for å sikre at ein oppnår gode resultat og utnyttar ressursane på best mogleg vis. Målet på sikt må være ei robust organisering og tildeling av midlar for eit år om gangen slik det er i dag gir lite rom for meir langsiktig tenking på dette feltet. Fylkeskommunen har eit overordna koordineringsansvar for den regionale kompetansepolitikken og har behov for en strategi for arbeidet med dette feltet, men rekk ikkje å få på plass dette før søknadsfristen for studiesenter for 2023 går ut 14. april. Vi har difor utarbeida ei rekkje kriterium for fylkeskommunen si støtte til studiesenter for inneverande år. Desse kriteria kan reviderast neste år og eventuelt inngå i ein meir heilskapleg strategi for studiesenter og desentralisert og fleksibel utdanning.

Følgjande kriterium blir lagt til grunn for Vestland fylkeskommune si vurdering og uttale om behov for studiesenter i Vestland 2023:

- Søknaden støttar opp under prioriteringane i Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling og tilhøyrande handlingsprogram.
- Studiesenteret legg til grunn for sin søknad eit kunnskapsgrunnlag som skildrar behovet for desentralisert og fleksibel utdanning og etterspurnaden etter studietilbod i den aktuelle regionen.
- Vestland fylkeskommune legg til grunn ei geografisk spreiding av studiesenter, der tilbod som dekkjer behov i distriktsregionar blir prioritert. I tillegg vil tal studiesenter i fylket totalt vere ein del av vurderinga
- Studiesenteret må samarbeide med minimum ein fagskule eller høgskule/universitet i fylket.
- Studiesenteret sin aktivitet er eit supplement til og ei forsterking av utdanningstilbodet i fylket.

Vestland fylkeskommune ønskjer innspel frå Kompetanseforum på desse kriteria.

**Sak 7/23      Eventuelt**

## Referat: Møte i Kompetanseforum Vestland 9/12-22

Deltakarar:	Geir Kåre Resaland (HVL), Øystein Thøgersen (NHH), Torbjørn Mjelstad (Fagskolen Vestland), Ann Kristin Kristoffersen (NHO), Roger Pilskog (LO), Sølvi Olrich (KS), Frode Sirhaug (Helse Bergen) Bård Sandal (Vlfk), Bjørn Lyngedal (Vlfk), Kathrin Jakobsen (Vlfk)		
Fråfall:	Margareth Hagen (UiB), Anne Kverneland Bogsnes (NAV)		
Emne:	Kompetanseforum Vestland – Referat	Sak:	24/22-30/22
Møtetid:	Fredag 9. desember, kl. 9.00 til 12.00	Møtestad:	Fylkeshuset Sandsli

Sak 25/22 Godkjenning av referat frå møte i Kompetanseforum Vestland 21/10 -2022

Referat godkjent

Sak 26/22 Ny rapport: Kompetanse- og kunnskapsbehov for det grønne skiftet

På oppdrag frå LO og NHO har Oslo Economics utgreia kunnskaps- og kompetansebehovet som er naudsynt for at Noreg skal lukkast med å bygge nye, grønne verdikjeder. I rapporten vert kompetansebehova knytt til åtte verdikjedar kartlagt. Ann Kristin Kristoffersen (NHO) presenterte hovudfunn frå rapporten

### Innspel/Diskusjon

- Det er ei stor utfordring at det er mangel på arbeidskraft i mange ulike bransjar
- Vi veit jo at det og er store behov innan helse og omsorg. Kor skal desse arbeidstakarane komme frå?
- Noko vil rette seg sjølve
- Kva skal vere utdanningsinstitusjonane si oppgåve? Arbeidsløysa er låg og det må trekkast arbeidskraft frå andre sektorar
- Det grønne skiftet er ikkje gratis. Nokre vil måtte miste jobben for å gå over i andre bransjer.
- Vi har gjort ein jobb for å fremje yrkesfag og fagbrev. Det er ikkje nok ungdommar til å dekke behova. Vi treng og ingeniørar og økonomar. Industri og skule må samarbeide på ein helt annan måte enn før.
- Det er ei felles erkjenning at vi manglar folk. Vi må også bygge kompetanse og kapasitet i utdanningsinstitusjonane. Kapasitetsløftet er eit glimrande verkemiddel. Men kanskje det er for snevert? Vidaregåande opplæring og fagskulen må koplast på satsingane i UH-sektoren, spissa mot verdikjedene.
- Det ligg ei arbeidskraftreserve i dei som står utanfor arbeidslivet. 661 000 nasjonalt. Det er ei politisk utfordring.

Sak 27/22 Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling: Årsplan 2023

Sekretariatet gjekk gjennom tiltaka i årsplanen for 2023 med fokus på dei tiltak krev samarbeid mellom fleire aktørar, og dei tiltaka som er endra frå i 2022.

## Innspel/Diskusjon

- I det vidare arbeidet med desentralisert og fleksibel utdanning vil hovudfokus vere på å etablere studentstover
- Vedkommande helsefag, fagskuleutdanning og Y-vegen helse: Må vise at det er attraktivt å jobbe som fagarbeidar. Ein veg vidare kan vere toåring vidareutdanning (Helse Bergen). God karriererettleiing er viktig – omdømebygging av faget
- HVL si største utfordring er å sikre at kandidatane blir i yrket etter at dei er utdanna. Ingen i Noreg har Y-vegen helse. Strenge reglar og praksiskrav på 50 %. Må jobbe for å få lov å erstatte delar av dette med simulering.
- Tolkar vi EU-reglane for strengt?
- Oppgåvedeling er ein del av løysinga

## Sak 28/22 Utdanningsinstitusjonane sine tilbakemeldingar på innspel om kompetansebehov/dimensjonering

### Vidaregåande opplæring:

- Få justeringer i årets tilbudssak. Det er for få ungdommar.
- Kostbart å sette opp tilbod i distrikta med få elevar
- På studiespesialiserande er situasjonen ganske stabil.
- Spesielt i år: Prøver å gjere noko med tilbodet i helse og oppvekst. Ikkje ønskeleg at så mange tek påbygg. Nytt tilbod: Tre år med helse og oppvekst, dei vert studieklar.
- Strykprosenten på påbygg er høg. Dei vil inn på sjukepleie, men får ofte ikkje gode nok karakterar.

### Fagskulen:

- Tilboda våre er ganske stabile. Vi får nye studieplassar. Skal søke om 105 nye studieplassar.
- 100 % av det vi gjer er i tråd med arbeidslivet sine behov.
- Det er ikkje alltid god nok innsøking
- BIM studie i Førde starta opp i fjor. Treff godt på søkarsida. Vert vidareført med atterhald om nye studieplassar.
- Ystestudiet: Veldig populært blant søkarane Viktig for landbruket. Lysast ut på nytt.
- Flyttar robotiseringslinje til Stord. Gjer det til ein Stord-modell saman med Aker
- Aukar tilbodet innan helse. Flyttar to tilbod til Førde, etter direkte innspel frå regionen.
- Endrar litt på tilbodet innan petroleum. Her er innsøkinga halvvert. Prøver å gjere det meir fleksibelt. Samlingsbasert studie over tre år.
- Heiltidsstudenten er i ferd med å forsvinne. Marknaden ønskjer fleksibilitet.
- Gjer eit nytt forsøk med leiarutdanning i havbruksorganisasjonar

### Høgskulen på Vestlandet

- Studietilbodet for 2023 er vedteke. To sivilingeniørutdanningar (Bergen og Førde)
- Er medvetne om dei omstillingane som næringslivet må forhalda seg til
- Har mange føringar utover dei regionale
- Det er eit høgt press på høgare utdanning. Endringane er større og raskare enn tidlegare.

## Norges Handelshøyskole:

- Riggen vår er annleis. Spesialisert universitet med stabil tilbudsstruktur. 500 studentar per kull
- Berekraft og teknologi er satsingar. Fornyar innhaldet i studiet
- Dei unge vil ha desse jobbane. Vi klarar å fornye oss.
- Alle får jobb før dei er ferdig.
- Vurderer å dele bachelor utdanninga i to. Eit løp med internasjonalt opptak, med tungt teknologisk innhald.
- Master: ENGAGE-samarbeidet. Her ønskjer dei eit samarbeid med fylkeskommunen.
- EVU: Det som er nytt er heilt opne kurs – Berekraftige forretningsmodellar.
- Anne nytt tilbod: Digital transformasjon i samarbeid med UiB
- 

### Sak 29/22 Felles brev til Kunnskapsdepartementet

På møtet i Kompetanseforum Vestland 21. oktober vart desentralisert utdanning og den nasjonale ordninga for studiesenter diskutert. Kompetanseforum vart einige om at sekretariatet skulle skrive eit utkast til eit brev med ei felles uttale om innretninga på denne ordninga, som Kompetanseforum Vestland skal sende til Kunnskapsdepartementet. Utkast til brev var tema i møtet 9. desember. Det kom ingen konkrete forslag til endringar, men brevet vart sendt til alle medlemmane for godkjenning før det sendast til Kunnskapsdepartementet

### Sak 30/22 Eventuelt

Ingen saker under eventuelt